

# **BEREDSKAPSPLAN**

## **FOR**

### **ÅRDAL KOMMUNE**



**Kva har skjedd**  
**Korleis kan hendinga utvikle seg**  
**Kor lang tid har eg til rådvelde**  
**Korleis løyse situasjonen**  
**Kva tiltak set eg i verk**

**Fordeling av planen:**

- Ordfører
- Rådmann
- Brannsjef
- Helsesjef
- Lensmann
- Informasjonsleiar
- Leiar kriseteamet

INNHALDSLISTE

<b>1. INNLEIING</b> .....	<b>5</b>
1.1 FØREMÅL.....	5
1.2 ANSVAR.....	5
1.3 REDNINGSTENESTA.....	5
1.3.1 Generelt om organiseringa.....	5
1.3.2 Hovudredningssentral (HRS).....	5
1.3.3 Lokal redningssentral (LRS).....	6
1.3.4 Heimevernet og Sivilforsvaret - FIG.....	6
<b>2. VARSLING</b> .....	<b>7</b>
2.1 GENERELT.....	7
2.2 VARSLINGSPLAN.....	7
2.3 TILTAKSPLAN.....	8
2.4 SENTRALE NAUDTELEFONAR:.....	9
2.5 LOGGFØRING.....	9
<b>3. SJEKKLISTE</b> .....	<b>10</b>
<b>4. KRISELEIING</b> .....	<b>12</b>
4.1 BEREDSKAPSRÅDET I KOMMUNEN.....	12
4.2 KRISELEIINGA I ÅRDAL KOMMUNE BESTÅR AV:.....	12
<b>5. NØKKELPERSONELL I KOMMUNEN</b> .....	<b>14</b>
5.1 FORSYNINGSSEKSJON.....	14
5.2 INFORMASJONSSEKSJON.....	14
5.3 KRISETEAM.....	14
5.4 STØTTEGRUPPA FOR BARN OG UNGE.....	14
5.5 HJELPEORGANISASJONAR.....	14
5.6 BYGDEKONTAKTAR.....	14
<b>6. OMSORGSTENESTE OG SERVICEFUNKSJONAR</b> .....	<b>15</b>
6.1 BESØKSTENESTE/ TELEFONRUNDE.....	15
6.2 SENTRAL MATLAGING OG UTDELING.....	15
6.3 VARMESTOVER MED SERVERING – MØTEPlass FOR PÅRØRANDE.....	16
6.4 BRENSSEL FOR OPPVARMING.....	16
6.5 UTVIDA OPNINGSTIDER VED VIKTIGE SERVICEFUNKSJONAR.....	16
<b>7. SIKRINGSTILTAK</b> .....	<b>17</b>
7.1 AVSPERRING/OMKØYRING OG FORBOD MOT FERDSEL.....	17
7.2 VAKTHALD.....	17
7.3 EVAKUERING.....	17
7.4 ELEKTRISKE ALARMSYSTEM.....	17
7.5 STOPP I OMSETNING AV ALKOHOL.....	17
7.6 PRISKONTROLL.....	17
<b>8. INFORMASJONSTENESTE</b> .....	<b>18</b>
8.1 SAMARBEID MED LRS OM INFORMASJONSTENESTE.....	18
8.2 STABSMØTE OG INTERN INFORMASJON.....	18
8.3 PRESSE- OG INFO-ANSVARLEG.....	18
8.4 PRESSESENTER.....	18
8.5 OPPLYSNINGSSENTRAL FOR BEFOLKNINGA.....	18
8.6 BRUK AV NRK SITT LOKALKONTOR/PVEST, LOKALRADIO.....	18
8.7 INFORMASJON TIL BILISTAR.....	19
8.8 BRUK AV BYGDEKONTAKTAR.....	19

8.9	RAPPORTERING TIL FYLKESMANNEN.....	19
<b>9.</b>	<b>TILTAK VED ULUKKER MED OMKOMNE - INFO FOR KOMMUNEN.....</b>	<b>20</b>
9.1	GENERELT OM ULUKKER MED OMKOMNE .....	20
9.2	SAMLEPlass FOR OMKOMNE .....	20
9.3	IDENTIFISERING .....	20
9.4	VARSLING AV PÅRØRANDE .....	20
9.5	FRIGIVING AV NAMN PÅ OMKOMNE.....	20
9.6	ASSISTANSE FRÅ GRAVFERDSBYRÅ.....	20
9.7	TRANSPORT.....	20
<b>10.</b>	<b>VEDLEGG.....</b>	<b>21</b>
10.1	<b>LISTE OVER VIKTIGE TELEFONNUMMER.....</b>	<b>22</b>
10.1.1	<i>Politi.....</i>	22
10.1.2	<i>Lege.....</i>	22
10.1.3	<i>Ambulanse .....</i>	22
10.1.4	<i>Sjukehus.....</i>	22
10.1.5	<i>Brannvesen.....</i>	22
10.1.6	<i>Akutt ureining.....</i>	22
10.1.7	<i>Statens Vegvesen .....</i>	22
10.1.8	<i>Frivillige organisasjoner.....</i>	23
10.1.9	<i>Bilberging.....</i>	23
10.1.10	<i>Forsvaret og Sivilforsvaret - FIG.....</i>	23
10.1.11	<i>Ferjer og Expressbåtar .....</i>	23
10.1.12	<i>Froskemenn .....</i>	23
10.1.13	<i>Overbefalsvakt -brann.....</i>	24
10.1.14	<i>Teknisk vakt.....</i>	24
10.1.15	<i>Årdal energiverk.....</i>	24
10.1.16	<i>Hydro aluminium, beredskap .....</i>	25
10.1.17	<i>Kommune leing.....</i>	25
10.1.18	<i>Fylkesmannen, beredskap .....</i>	25
10.1.19	<i>Presse .....</i>	25
10.1.20	<i>Prest .....</i>	25
10.1.21	<i>Psykolog .....</i>	25
10.1.22	<i>Forsikringsselskap .....</i>	26
10.1.23	<i>Restverdiregning .....</i>	26
10.1.24	<i>Fjellgarder .....</i>	26
10.2	<b>SAMBANDSUTSTYR OG KONTORUTSTYR.....</b>	<b>28</b>
10.2.1	<i>Direkte telefonlinjer utanom elektrisk drivne sentralar .....</i>	28
10.2.2	<i>Mobiltelefonar.....</i>	28
10.2.3	<i>Telefaks .....</i>	28
10.2.4	<i>Radiosamband.....</i>	28
10.2.5	<i>Manuelle skrivemaskiner.....</i>	28
10.3	<b>STRAUMAGGREGAT .....</b>	<b>29</b>
10.3.1	<i>Oversyn over aggregat som kan nyttast i krise og ved ulukker: .....</i>	29
10.4	<b>KOKEUTSTYR, ALTERNATIV ENERGIKJELDE .....</b>	<b>30</b>
10.4.1	<i>Institusjonar og storkjøkken med slikt utstyr (namn samt energikjelde) .....</i>	30
10.4.2	<i>Forsvaret sitt næraste lager av feltkjøken .....</i>	30
10.4.3	<i>Camping kokeutstyr.....</i>	30
10.4.4	<i>Parafinprimusar etc. ....</i>	30
10.5	<b>LYS- OG VARMEUTSTYR.....</b>	<b>30</b>
10.5.1	<i>Lysutstyr .....</i>	30
10.5.2	<i>Varmeutstyr.....</i>	31
10.6	<b>TRANSPORTMIDLAR OG KRANBILAR.....</b>	<b>32</b>
10.6.1	<i>Skogsmaskinar og traktorar.....</i>	32
10.6.2	<i>Båtmateriell.....</i>	32

10.6.3	Snøscooterar .....	33
10.6.4	Helikopterselskap .....	33
10.6.5	Lastebilar og gravemaskinar.....	33
10.6.6	Bussar.....	33
10.6.7	Bårebilar og begravelsesbyrå .....	34
10.6.8	Drosjar .....	34
10.7	<b>NAUDINNKVARTERING OG -OVERNATTING</b> .....	35
10.7.1	Hotell og anna innkvartering som har aggregat eller anna alternativ energikjelde til oppvarming, lys og koking ved straumbrot.....	35
10.7.2	Forsvaret sine nære lager av telt m/ovnar for naudinnkvartering .....	35
10.8	<b>PUMPEMATERIELL</b> .....	36
10.8.1	Pumper til bensinstasjonane ved straumbrot .....	36
10.8.2	Lensepumper .....	36
10.8.3	Sentrale lager.....	36
10.9	<b>HYDRAULISK FRIGJERINGSUTSTYR , JEKKAR, TALJER, LØFTEUTSTYR M.M.</b> .....	37
10.9.1	Hydraulisk frigjeringsutstyr .....	37
10.9.2	Autogen brenneutstyr .....	37
10.9.3	Jekkar .....	37
10.9.4	Taljer m.m. ....	37
10.9.5	Mobilkranar .....	37
10.10	<b>DIVERSE RESSURSAR</b> .....	38
10.10.1	Trelast og bygningsmaterialar .....	38
10.10.2	Betongvarer.....	38
10.10.3	Tauverk m.m. ....	38
10.10.4	Presenningar .....	38
10.10.5	Ullteppe .....	38
10.10.6	Soveposar .....	38
10.10.7	Sperremateriell (Sperrebukkar, band, blinklykter m.m.) .....	39
10.10.8	Motorsager .....	39
10.10.9	Arbeidsklede .....	39

Beredskapsplanen for ulukker og katastrofar i Årdal kommune skal reviderast årleg. Ansvarleg for denne revisjonen er branninspektøren i Årdal kommune. Alle som er innehavarar av beredskapsplanen er sjølve ansvarlege for at denne er ajour.

Revidert dato	Ending, kapittel	Signatur
2003	Alle sider	
2004	CD – utgåve	
2006		
2008		
2009		
2011		
2012	Alle sider kvalitetssikra, oppdatert på heimeside	Gaute Johnsgaard/Laila Røneid

## 1. INNLEIING

### 1.1 Føremål

Føremålet med beredskapsplanen er å skildre korleis beredskapen innafor Årdal kommune er organisert. Beredskapsplanen skal vere eit hjelpemiddel i samband med løysing av dei oppgåver kommunen kan verte stilt overfor ved ulukker og katastrofar. Den skal fastsette krav og retningslinjer for tiltak som ein skal ivareta når nødssituasjonar inntreffe, eller er i ferd med å inntreffe.

### 1.2 Ansvar

Det er viktig å vere klår over ansvarsdeling mellom den organiserte redningstenesta og kommunen ved ulukker og katastrofar.

Kort sagt gjeld følgjande:

ved ulukker og katastrofar der liv og helse er i fare, er det den organiserte redningstenesta under leiing av Hovudredningssentralen (HRS) / Lokal Redningssentral (LRS) som er ansvarleg for redningsarbeidet. Kommunen må her gi den støtte det vert bedt om frå redningsleiinga, og elles tilby støtte der dette er naturleg. ved ulukker og katastrofar der materielle verdiar står på spel, må kommunen ta initiativ for å berge eller sikre desse. Dette kan vere etter at LRS har avslutta sin aksjon ved ei ulukke, eller ved andre ulukker/katastrofar der liv og helse ikkje direkte er truga. Kommunikasjon og kontakt mellom LRS og kommunal redningsleiing skal gå via lokal lensmann.

**I alle redningsaksjonar er det heilt avgjerande at det er eit godt samarbeid mellom kommunen og redningstenesta, slik at ressursane vert utnytta på beste måte for samfunnet.**

#### Fullmakter

Brannsjefen har fullmakt til å nytte inntil kr. 500 000, ved større ulukker og kriser. Formannskapet har fullmakt til å nytte inntil kr.1.000 000, ved større ulukker og kriser.

### 1.3 Redningstenesta

#### 1.3.1 Generelt om organiseringa

Redningstenesta i landet er organisert under Justisdepartementet, Redningstenestekontoret.

Landet er delt mellom to hovudredningssentralar (HRS):

Sør-Norge: HRS Sør-Norge, Sola

Nord-Norge: HRS Nord-Norge, Bodø.

HRS har ansvaret for redningsaksjonar i sin landsdel.

Under HRS vert det etablert lokale redningssentralar (LRS), som samsvarar med politidistrikta.

Desse leiar redningsaksjonane lokalt innan sine distrikt.

Redningstenesta har ansvaret for redningsaksjonar der liv og helse er i fare.

Vidare har HRS tilgang til sentralt plasserte ressursar, t.d. helikopter med brannsløkkingsutstyr.

#### 1.3.2 Hovudredningssentral (HRS)

For Årdal kommune er det hovudredningssentral Sør-Norge (Sola ved Stavanger) ein skal nytte.

Hovudredningssentral Sør-Norge, HRS	Telefon nr.
	51 64 60 00

Ved oppmoding om assistanse, t.d. skogbrannhelikopter, oppgi fylke, kommune, stadnamn og kartreferanse (rutetilvisning, UTM-systemet, kartserie M711, målestokk 1:50000).

### 1.3.3 Lokal redningssentral (LRS)

Den lokale redningssentralen er organisert under:

<b>Sogn og Fjordane politidistrikt</b>	<b>Telefon nr.</b>
Sogn og Fjordane politikammer, Florø	57 75 88 00/02800

### 1.3.4 Heimevernet og Sivilforsvaret - FIG

Politiet har myndighet til å kalle ut Heimevernet og Sivilforsvaret ved behov.

	<b>Telefon nr. dagtid</b>	<b>Telefon nr. privat</b>
Områdesjef i Heimevernet Torbjørn Haug	90 83 73 43	90 83 73 43
Sivilforsvaret, FIG Vakttelefon	<b>57 62 88 60</b>	

## 2. VARSLING

### 2.1 Generelt

Ved ulukker/katastrofar er det viktig at etatar og personell som skal ta del i redningsarbeidet vert varsla så snart det let seg gjere. Det må difor vere utarbeidd varslingslister for slike situasjonar.

Enkelte organ skal alltid ha varsel ved ulukker, andre må vurderast alt etter korleis situasjonen er.

**NB! Telefonnummera finn ein i vedlegg 2**

#### Må alltid ha varsel ved ulukker:

Lensmannen  
Politikammeret  
Lege

#### Varsel ved behov:

Ambulanse  
Brannvesen  
Brannsjef  
Fylkessjukehuset i Lærdal  
Hydro Årdal  
Norsk Folkehjelp  
Ordførar  
Rådmann  
Driftsleiar  
Leiar kommunalteknikk  
Teknisk vakt  
Sokneprest  
Heimevernet / Områdesjef  
Elektrisitetsverket  
Vegvesenet lokalt  
Helikopter  
Fylkesmannen v/Beredskapsavdelinga  
FIG

### 2.2 Varslingsplan

Varsle Hending	Politi	Lege	Brannvesen	Energi- verk	SFT/ KV	Krise leiing	Hydro alu.	Fylkes- mannen	Prest	FIG
Akutt ureining i drikkevatn	x	x	x		(x)	x	x			
Akutt ureining i sjø	x		x		x	x	x			x
Akutt ureining luft	x	x	x		x	x	x	(x)		x
Brann i institusjon - evakuering	x	x	x			x	x	(x)	x	x
Brot i straumforsyning	x			x		x	x	(x)		
Brot i vassforsyning	x		x	x		x	x	(x)		
Gassulukke (LPG)	x	x	x	x		x	x	(x)		x
Flaum og andre naturkatastrofar	x	x	x	x		x	x	x	x	x
Ras i bustadfelt	x	x	x			x	x	(x)	x	x
Ras på vegen	x		x			x	x	(x)		
Skips «uhell»	x		x		x	x	x	x		x
Større skog/grasbrann	x		x			x	x	x		x
Større trafikkulukke	x	x	x			x	x	x	x	
Andre ulukker	x	x	(x)			(x)		(x)		

## 2.3 Tiltaksplan

Hending	Tiltak	Ansvarleg
Akutt ureining i drikkevatt	Informasjon til publikum om førehandsreglar Alternative vasskjelder Lege beredskap	Kommunelege Kommunaltekniske tenester
Akutt ureining i sjø	Avgrensing av skaden Informasjon til publikum Oppreinsking	Brannvesen
Akutt ureining luft	Informasjon til publikum om førehandsreglar Evakuering Avgrensing av skaden	Politi og brannvesen
Brann i institusjon - evakuering	Evakuering og sløkking Alternativ innkvartering Informasjon til publikum Møteplass pårørande Restverdireddning	Politi og brannvesen
Brot i straumforsyning	Informasjon til publikum Alternativ oppvarming etc. Alternativ straum forsyning	Politi, kommune (omsorg) og energiverket
Brot i vassforsyning	Informasjon til publikum Alternativ vasskjelde	Kommunaltekniske tenester
Flaum og andre naturkatastrofar	Informasjon til publikum Evakuering Restverdireddning Møteplass pårørande	Politi og kommune
Gassulukke LPG	Evakuering, avsperring Alternativ innkvartering Kontakt transportør Kontakt DBE Informasjon til publikum	Politi og brannvesen
Ras i bustadfelt	Evakuering Alternativ innkvartering Informasjon til publikum Oversikt over skadde/ omkomne Møteplass pårørande Rydding	Politi og kommune
Ras på vegen Øvre - Tangen	Informasjon til publikum Alternativ køyterute og transport av publikum Rydding av vegen	Politi, kommune og Statens vegvesen.
Skips «uhell»	Berging/Evakuering Alternativ innkvartering	Politi
Større skog/grasbrann	Evakuering Alternativ innkvartering Avgrensing Skogbrannhelikopter Ettersløgking	Politi og brannvesen
Større trafikkulukke	Sikre og organisere skadestaden Omdirigere trafikken Transport av skadde og omkomne Innkvartering Informasjon til pårørande Møteplass pårørande	Politi og brannvesen

## 2.4 Sentrale naudtelefonar:

Brann: (hovudsentralen, Florø)	<b>110</b>
Politi:	<b>112</b>
Ambulanse (bil, båt, helikopter)	<b>113</b>

Desse sentralane vil varsle vidare til lokalt brannvesen, politi-/lensmannskontor eller ambulanse.

## 2.5 Loggføring

Når ein tek mot meldingar om ulukker/skader er det viktig at ein får inn flest moglege opplysningar om det som har skjedd. Vidare må ein føre logg over kva som skjer, og kva som vert gjort med saka. I **vedlegg 4** ligg det ved eit notatark for mottak av slike meldingar, samt mal for logg.

### 3. SJEKKLISTE

Sjekklista nedanfor er laga som ei hjelp til å hugse på viktige gjeremål i ein stressa arbeidssituasjon. Lista er ikkje sett opp i prioritert rekkefølge då dette vil vere bestemt av situasjonen.

GJEREMÅL	Kapittel
<b>1. Kven har ansvaret for leiing av redningsarbeidet ?</b>	
HRS/LRS ?	kap. 1.2
Kommunen ?	kap. 1.2
<b>2. Varsling</b>	
Er naudsynt varsling gjennomført ?	kap. 2
<b>3. Omfanget av skaden/ulukka</b>	
Personskader ?	kap. 2.3
Omkomne ?	kap. 2.3
Sakna personar ?	kap. 2.3
Materielle skader	kap. 2.3
Før nøye oversyn over alle meldingar.	kap. 2.5
<b>4. Er kriseleiing etablert ?</b>	kap. 4.2
<b>5. Informasjon</b>	kap. 8
Kontrollere at viktige meldingar er rette	
Opplysningsentral / telefonvakter	kap. 8.5
Informasjon til media / Er pressesenter etablert?	kap. 8.4
Informasjon til innbyggjar - bruk av media	kap. 8.6-8.8
Informasjon til pårørande/	kap. 8.1 og 9.4
Kriseteam ?	kap. 5.3
Rapportering frå redningsgrupper	kap. 8.2
Stabsmøte - info til redningsgrupper	kap. 8.2
Naudsynt sambandsmateriell	Vedlegg 1
Er fylkesmannen informert ?	kap. 8.10
<b>6. Avsperring/vakthald</b>	
Spesielle tiltak for å halde folk borte ?	kap. 7.1
Alarmsystem, virka desse ?	kap. 7.6
Tiltak for å hindra brotsverk ?	kap. 7.2
<b>7. Evakuering av område?</b>	kap. 7.3
<b>8. Deleger oppdrag, peik ut ansvarlege leiarar for grupper</b>	
<b>9. Har vi oversyn over alle deler av kommunen ?</b>	
Kan deler av kommunen vere avsperra ?	
Ved tvil, sjekk med bygdekontaktar	kap. 5.5 og 8.9
<b>10. Før nøyelogg over alle meldingar og skader</b>	kap. 2.5
Deleger slike oppgåver, og gi nøye instruks om korleis du ønskjer informasjon	

<b>11. Får folk den hjelp dei treng ?</b>	
Besøksteneste/telefonsjekk hos eldre/uføre	kap. 6.1
Mat, drikke og varme	kap. 6.2
Brensel for oppvarming	kap. 6.4
Viktige medisinar m.m.	kap. 6.5
Varmestover – <b>møteplass for pårørende</b>	kap. 6.4
<b>12. Forsyningsteneste</b>	
Mat og drikke til redningsmannskap ?	
Servering til anna innblanda personell, t.d. pårørende ?	
Vil det verte mangel på viktige varer ?	
Må det setjast i verk ekstraordinære tiltak for å få ressursar til kommunen ?	
Matvarer	
Drivstoff	
Andre ressursar det vil verte behov for ?	

#### 4.

### 5. KRISELEIING

#### 5.1 Beredskapsrådet i kommunen

Samansetning av beredskapsrådet i kommunen, jamfør normalreglement for kommunen:

Valde av kommunestyret for 1996 - 1999 i K-sak 90/95:

	Dagtid	Mobiltelefon	Privattelefon
<b>Ordførar</b>	57 66 50 05	97 52 91 37	57 66 23 06
<b>Rådmann</b>	57 66 50 10	97 54 99 39	57 66 30 42
<b>Brannsjef</b>	57 66 51 27	90 11 62 65	
<b>Lensmannen</b>	57 64 87 80	93 00 54 64	57 11 00 16
<b>Heimevernet/ Omr.sjef</b>	90 83 73 43	90 73 67 14	57 66 01 96
<b>Siviltforsvaret FIG</b>	57 62 88 60		

Kriseleiing i kommunen

Dette er den kommunale kriseleiinga som trer inn når HRS/LRS ikkje er aktuell.

#### 5.2 Kriseleiinga i Årdal kommune består av:

	Dagtid	Mobiltelefon	Privattelefon
<b>Ordførar</b>	57 66 50 05	97 52 91 37	57 66 23 06
<b>Rådmann</b>	57 66 50 10	97 54 99 39	57 66 30 42
<b>Brannsjef</b>	57 66 51 27	90 11 62 65	
<b>Lensmannen</b>	57 64 87 80	93 00 54 64	57 11 00 16
<b>Helsesjef</b>	57 66 50 14	99 10 77 10	99 10 77 10
<b>Kommunal Informasjonsansvarleg</b>	57 66 51 09	95 27 71 45	

**Ordføraren** er den som kan avgjere at kriseleiinga skal etablerast.

**Politimeisteren** avgjer om LRS skal etablerast.

#### Plassering av kriseleiing og utstyr:

Årdalstangen : Rådhus I

Alternativ:

Møterom, sjukeheimen, Årdalstangen (telefon/straum?)

#### Kriseleiinga sine oppgåver

Innhente opplysningar om situasjonen i kommunen.

Ta avgjersler om å sette i gong tiltak for å hindre skader på personar og materielle verdier.


Prioritere ressursar frå kommunen si side.

Halde kontakt med leiinga på skadestaden evt. LRS.

Utarbeide og sende ut informasjon til befolkninga og media.

Rapportere om situasjonen i kommunen til Fylkesmannen.

## Kriseleiing



## 6. NØKKELPERSONELL I KOMMUNEN

### 6.1 Forsyningsseksjon

	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat	Mobiltelefon
Leiar:			
Nestleiar: Audun Hellebø	800 80 000	57 66 23 41	404 70 276
Inge Moen	57 66 50 01	57 66 24 45	995 64 800

### 6.2 Informasjonsseksjon

	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat	Mobiltelefon
Infoleiar: Laila Røneid	57 66 51 09		95 27 71 45
Nestleiar: Ellen Marie Haug	57 66 52 21		
Aud Andersen	57 66 52 20		

### 6.3 Kriseteam

	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat	Mobiltelefon
Leiar: Anne Lise Steinheim	57 66 51 05	41 62 32 68	997 63 999
Nestleiar: Liv Kari Kvam	57 66 53 44	57 66 24 57	995 14 958
Marit Dahle	57 66 12 53	57 66 15 41	908 76 115
G. Dardamissis	57 66 52 92	57 66 18 40	908 44 652
Hilda Nese	57 66 50 80		91132652
Sogneprest: Carsten Wind	57 66 51 81		954 10 659
Magne Knudsen	57 64 87 80	57 11 00 16	930 05 464

### 6.4 Støttegruppa for barn og unge

	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat	Mobiltelefon
Siv N Smedegård	57 66 54 22/57 66 53 29	57 66 29 85	97 56 32 71

Det lokale kriseteamet kan dra vekslar på kriseteamet ved Fylkessjukehuset i Lærdal og Psykiatrisk Senter i Sogndal. Telefon nr i vedlegg 2.

### 6.5 Hjelpeorganisasjonar

Organisasjon	Kontaktperson	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat	Mobiltelefon
Norsk Folkehjelp -vakttelefon	Edvard Holsæter	88 02 06 11	57 66 30 73	900 36 330
Årdal Jeger- og Fiskeforening	Jan Erik Luggenes	57 64 88 00	57 66 10 76	901 16 258
Årdal Turlag, Fjellsportsgruppa	Per Arne Klingenberg	57 64 87 00	57 66 28 86	900 63 425

### 6.6 Bygdekontaktar

Bygd	Kontaktperson	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat	Mobiltelefon
Indre Ofredal	Erling Offerdal	414 44 226	57 66 28 27	414 44 226
Naddvik	Siri Benjaminsen	57 66 49 10	57 66 49 10	95 89 36 01
Fardalen	Sveinung Haug	57 66 38 44	57 66 28 18	40 85 41 17
Andre kontaktar				
Årdal vidaregåande skule	Henny Midtun	57 64 89 40		

## 7. OMSORGSTENESTE OG SERVICEFUNKSJONAR

### 7.1 Besøksteneste/ Telefonrunde

Ved lengre straumbrot eller andre ekstraordinære krisesituasjonar er det viktig å få oversyn over om personar i kommunen kan trenge hjelp. Dette kan gjelde særleg eldre som bur åleine, eller handikappa personar som ikkje greier seg utan hjelp i slike situasjonar.

Oversyn over slikt personell kan ein få ved folkeregisteret og gjennom sosialkontoret.

Det er viktig at ein så snart som mogeleg får inn status for slikt personell, og at naudsynte tiltak vert sett i verk.

Dette bør organiserast gjennom sosialkontoret, som kan nytte frivillige organisasjonar eller få hjelp frå Sivilforsvaret for å utføre arbeidet.

#### Telefonrunde

Dersom telefonane fungerer, kan ein kontakta den enkelte over denne.

#### Besøk i heimen

Dersom telefonen er i ustand, eller enkelte ikkje svarar, må besøksteneste setjast i verk.

Ved slike besøk må utsendt personell vise legitimasjon eller vere i uniform. Dette skapar betre tillit.

**NB:** Bruk ei førehandslaga sjekklister ved kontakt med slikt personell, slik at ein ikkje gløymer vesentlege ting. (T.d. status når det gjeld varme, lys, matlaging, drikke, helsetilstand, viktige medisinar, telefon, behov for hjelp til andre ting o.s.v.)

Før nøye oversyn kven ein har vore i kontakt med, og korleis status er. Likeins kva tiltak som er sett i verk.

Følgjande organisasjonar kan nyttast til slikt arbeid:

Organisasjon	Kontaktperson	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat
Eldresenteret, Øvre Årdal		412 55 599	412 55 599
Eldresenteret, Årdalstangen		977 06 346	
Eldrerådet	Astrid Nagel Moen		57 66 34 21
Heimesjukepleien Øvre Årdal		97 09 03 39	
Heimesjukepleien Årdalstangen		97 09 21 55	

### 7.2 Sentral matlaging og utdeling

Ved lengre straumbrot kan enkelte få problem med å lage varm mat. Spesielt vil dette kunne få konsekvensar for eldre, for personell med handikap, og for familiar med små born.

På følgjande stader kan det lagast varm mat og drikke ved straumbrot:

Årdal sjukeheim, Årdalstangen

Årdal bu- og omsorgssenter, Øvre Årdal (sjå på tilknytning av aggregat)

Ungdomshuset, Øvre Årdal

**Følgjande lag/organisasjonar kan nyttast ved tillaging/utkjøring/fordeling av mat/drikke:**

Organisasjon	Kontaktperson	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat
Norsk Folkehjelp			88 02 06 11
Helselaget			57 66 21 48
Norsk Barne- og Familieforb.			57 66 25 41
IL Jotun		57 64 90 00	57 66 32 29
Årdalstangen IL		57 64 87 80	57 66 00 16

**7.3 Varmestover med servering – møteplass for pårørende**

Dersom folk ikkje kan få varma opp bustader og kokt varm mat og drikke, kan det etablerast varmestover der det også kan serverast enkle varme måltid og varm drikke. Til slikt bruk kan forsamlingslokale nyttast, under føresetnad at oppvarming kan skje ved t.d. ved eller olje.

Følgjande stader kan nyttast:

Skulane Øvre Årdal/Årdalstangen

Kyrkja, Øvre Årdal

Samfunnshusa Øvre Årdal/Årdalstangen

Kafeane Øvre Årdal/Årdalstangen

**Lokale som nyttast til møteplass for pårørende skal skjermast, dei skal ha ro.**

**7.4 Brensel for oppvarming**

Ved mangel på brensel må det setjast i verk innsamling og utkjøring av ved eller koks til dei som ved slik hjelp kan halde fram med å bu i egne bustader.

Dette tiltaket bør organiserast gjennom Landbrukskontoret, Skogetaten, som sjølve sørgjer for å skaffe naudsynt arbeidshjelp og transportmidlar.

Organisasjon	Kontaktperson	Telefon nr. Dagtid	Telefon nr. Privat
Landbrukskontor/skogetaten	Magnhild Aspevik	57 64 12 00	

**7.5 Utvida opningstider ved viktige servicefunksjonar**

I krisesituasjonar kan det vere naudsynt med utvida eller ekstraordinære opningstider ved viktige servicefunksjonar.

Slike utvida opningstider må kunngjerast for befolkninga gjennom tilgjengelege kanalar.

Funksjonar som kan vere aktuelle er:

Kommuneadministrasjon/Opplýsningsssentral for befolkninga (jfr pkt. under Info-teneste)

Lensmannskontor

Legkontor/Sosialkontor

Apotek

Viktige butikkar (mjølk, brød)

Bensinstasjonar

## **8. SIKRINGSTILTAK**

### **8.1 Avsperring/omkøyning og forbod mot ferdsel**

Ansvarleg: Politiet

### **8.2 Vakthald**

ved skada objekt/bygningar

ved mørkklagde gater for å hindre innbrot

Ansvarleg: Politiet

### **8.3 Evakuering**

Ansvarleg: Politiet

### **8.4 Elektriske alarmsystem**

Ved straumbrot vil elektriske alarmsystem ikkje fungere. Nokre slike system er viktigare enn andre, og krev at det vert sett i verk særskilde tiltak om dei ikkje fungerer.

Dette kan vere

alarmsystem ved butikkar, bankar m.m.

alarmsystem heime hos eldre og sjuke.

varslingssystem ved helseinstitusjonar.

Den som er ansvarleg for den teneste som vert ramma må sette i-gong naudsynte tiltak.

### **8.5 Stopp i omsetning av alkohol**

Misbruk av alkohol kan vere eit problem i kriser med sterke påkjenningar på folk. Vurder om det kan vere behov for å stanse utsal og servering av slike varer for kortare tid.

Ansvarleg: Ordføraren

### **8.6 Priskontroll**

Ved for liten tilgang på viktige varer kan ein ikkje sjå bort frå svartebørshandel og anna tvilsam omsetning av slike varer. Det bør difor haldast eit visst oppsyn med dette.

Ansvarleg: Konkurransetilsynet, 55 59 75 00 .

## 9. INFORMASJONSTENESTE

### 9.1 Samarbeid med LRS om informasjonsteneste

Dersom krise/ulukke er av eit slikt omfang at den vert leia av Redningstensta v/LRS, skal denne også ha ansvaret for informasjonstenesta.

Det er i slike situasjonar viktig at kommunen tek kontakt med LRS og tilbyr sine tenester på informasjonssida.

**NB:** Ved ulukker der menneskeliv har gått tapt, er det politiet som avgjer når namn kan frigivast.  
Pårørande skal varslast først. Sjå eige pkt. om slike ulukker.

### 9.2 Stabsmøte og intern informasjon

I krisesituasjonar og under redningsarbeid er det viktig at både leiing, redningsmannskap og befolkning får best mogeleg informasjon. Nok informasjon og samordning er heilt avgjerande for å oppnå eit godt resultat. Bruk eigen logg for registrering av meldingar og hendingar samt kva som vert gjort (eksempel på logg og notat for mottak av meldingar - vedlegg til varslingsliste).

Hald difor stabsmøte ofte, og sørg for at informasjon vert utveksla mellom alle som tek del i arbeidet. Sørg elles for gode rutinar for

- rapportering frå "uteavdelingane" til leiinga under innsats
- informasjon frå leiinga til redningsmannskap under innsats.

Bruk informasjonsseksjonen til å samle og distribuere slik informasjon så langt mogeleg.

Sett av tid og informer til eigen organisasjon.

### 9.3 Presse- og info-ansvarleg

Peik ut ein person med reserve som ansvarleg for informasjon og samarbeid med pressa.

Denne personen bør om mogeleg vere leiaren for informasjonsseksjonen.

### 9.4 Pressesenter

Hugs å peike ut lokale for pressesenter. Her må vere tilgang på telefonlinjer, og det bør vere fleire arbeids- og opphaldsrom. Det bør ligge sentralt i høve til leiinga. Ein skule eller anna forsamlingslokale kan vere brukbart.

Dersom det ikkje er mogeleg å ta seg inn i innsatsområdet med private transportmidlar eller til fots, sørg for at pressefolk kan få transport til/frå området dersom dette ikkje er til hinder for redningsarbeidet.

Gi kringkasting og presse best mogeleg arbeidsforhold, og gi informasjon så langt det er forsvarleg.

### 9.5 Opplysningssentral for befolkninga

Det må snarast etablerast ein opplysningssentral, der folk kan ringe å få opplysningar. Denne må vere bemanna døgnet rundt så lenge det er behov for det.

Merk: Dersom LRS har leiinga for aksjonen, vil den sørge for dette.

Informasjon om krise/ulykke i form av pressemeldingar eller liknande bør leggest ut løpande på kommunen si heimeside. Dersom kommunen skal gjere dette, bør informasjonsseksjonen få denne oppgåva. Ver merksam på at denne opplysningssentralen må etablerast ved ein telefon som ikkje er avhengig av elektrisk dreven sentral.

Telefonnummer til opplysningssentralen må kunngjerast gjennom radio/TV/presse/heimesida til Årdal kommune.

### 9.6 Bruk av NRK sitt lokalkontor/Pvest, lokalkontor

NRK's lokalkontor/Pvest sitt lokalkontor bør nyttast for å få ut kunngjeringar og informasjon til befolkninga.

Dersom NRK/Pvest vender seg til kommunen, kan ansvarleg person gi informasjon og sende ut meldingar til lokalbefolkninga, dersom ikkje aksjonen vert leia av LRS.

Dersom kommunen finn at det er behov å sende ut informasjon over NRK eller Pvest sitt lokalkontor, kan dette gjerast ved at ansvarleg person tek kontakt med NRK v/distriktsjef eventuelt vaksjef/ Pvest, og oppmodar om å få sendt ut melding.

Teksten i meldinga bør klargjerast på førehand.

NRK Sogn og Fjordane Tlf: 57 72 42 42

[NRKSFJ@NRK.NO](mailto:NRKSFJ@NRK.NO)

Pvest, redaksjonen, Tel: 57 62 58 00

[www.pvest.no](http://www.pvest.no)

Informasjon til innbyggjarar kan og gjevast via Internett på desse adressene:

[www.ardal.no](http://www.ardal.no)

[www.@porten.no](http://www.@porten.no)

### 9.7 Informasjon til bilistar

